



Årsmelding for Herøysund Idrettslag 2011



Premieutdeling under årsfesten i november 2011.



KJÆRE MEDLEMMAR!

Eit nytt år er unnagjort, og aktivitetane har vore mange.
Friidrett, fotball, barnetrim, dansegruppe, dametrim, mannetrim, oldboysfotball og fjelltrim.
Den nye dansegruppa har vore til stor begeistring for dei unge.

Pga *utflytting* frå bygda har Herøysund Idrettslag fungert utan leiar sidan august. Ansvaret har vore fordelt på dei gjenverande styremedlemmane.

Medlemstalet ligg rundt 100 medlemmar som i 2010. Viktigheten av å betala medlemskontigent er stor, då dette er forsikringsbeviset for både unge og eldre.
Alle som har betalt medlemskontigent er forsikra gjennom IF. Dei mellom 0-12 år er fellesforsikra gjennom Norges idrettsforbund. Fra 13 år er dei forsikra i ein eigen forsikringavtale HIL har hos IF. Forsikringa gjeld for alle aktiviteter som vert gjennomført i regi av Herøysund idrettslag.

All aktivitet i idrettslaget er utført på dugnad, vil med dette rette ei **stor TAKK til ALLE** som har vore med og bidrege; trenarar, instruktører, oppmenn, dugnadsgjeng, sjåførar, lappesteikarar, dommarar, heiajenger og styret. **TUSEN TAKK!**

Inntekta til idrettslaget kjem i hovedsak frå Bingoen ,medlemskontigentar, stønad frå kommunen og grasrotandelen. Har du ikkje registrert tippekortet ditt på grasrotandelen, så kan dette gjerast der du tippar. Til slutt vil vi takke for samarbeidet i året som har gått, og ynskje velkommen til eit godt samarbeid i året som kjem.

Mvh. Herøysund idrettslag

Styret i Herøysund Idrettslag har i 2011 vore samansett slik:

Leiar:	Randi Kjøsnes	Nestleiar:	Gro Aakre
Skrivar:	Björg Eli Aasgaard	Kasserer:	Frøydis N. Mathisen
Styremedl:	Rune Holmedal & Ingvard Bernhardsen		
Nemdleiarar:			
Materialforvaltar	Silje Merete Sætre	Klubbhus	Nina T. Bernhardsen
Bingo	Alice Kvandal	Fotball	Anjo Såtendal
Friidrett	Per Gunnar Raudstein	Fjelltrim	Brynjulf Lie
Barnetrim	Hege Sund	Banemnd:	Are Upheim
Valkomite	Heidi Upheim & Ove Myklebust		



Friidrett.

2011 var vi to grupper som har vore på banen sommar-halfvåret, og inne i gymsalen vinter-halfvåret. Utøvarar frå 10 år har vore med på Kvinnheradsmeisterskap innandørs i Herøysund og utandørs på Husnes. Her tok fleire nye personlige rekordar med flotte resultat. Vi har òg hatt 6 personar på aktivitetssleiar-kurs i friidrett.

Desse har vore med i år:

Joakim Bernharden, Madel Bruntveit, Vegard Fausk, Thea Simone Fredlund, Tristan Fredlund, Cathrine Stensletten Hagan, Silje Stensletten Hagan, Ingeborg Stensletten Hagan, Martine G. Haugse, Dina G. Haugse, Emma Johanne Helvik, Mari Bolette Helvik, Marlinn Inntveit, Ingrid Inntveit, Ida Emilie Kaldestad, Mats August Kaldestad, Andreas Kaldestad, Sverre Kaldestad, Magnus Kvandal, Aleksander K. Langeland, Ylana Lenaerts, Nikolai Mayer, Renate K. Myklebust, Gunn Kristin Raudstein, Hazel Ann Raudstein, Ole Christian Smith, Kristoffer Støle, Sandra Støle, Daniel Sørtveit, Steffen Sørtveit, Eivind Raudstein Tofte, Samson Uppheim, Tonje Aakre, Erlend Aakre, Stian Aakre, Runar Aakre, Jens Aagård, Aurora Aasgård, Alarek Såtendal Aakra, Malin Såtendal Aakra

Trenarar: Hege Kristin, Hazel Ann, Per Gunnar Raudstein og Tor Harald Bringedal.





Trimgruppa 2011

I år har vi gitt tilbud om 3 parti til born : Barn-foreldre 2-5 år, Gutar og jenter 5-7 år og Dans 8-11 år Turn og trim gjev ein god start for borna i gymsal , her får dei prøva ulike ferdigheter og dei kan finna ut korleis kroppen fungerer i aktivitet.

I Herøysund har vi starta barnetrimmen allereie ved fylte 2 år, dette fordi borna er nysgjerrige og synes leik i gymsal er gøy. Ved fylte 2 år startar borna i ei barn foreldre gruppa, det å ha føresett med gjev ein god trygghet for borna. Det er viktig for borna sin del at føresett deltek aktivt . Det er meininga at føresett skal vera veileidar for barnet, og den beste veiledning er å delta aktivt sjølv. Når den vaksne deltek aktivt vil borna kosa seg mykje meir. Ein instruktør vil ikkje greia å instruera ei gruppe med born mellom 2-5 år utan at føresett er veileidar for barnet. Ei stor gruppe med born i alderen 2-5 år er ei utfordring , det er eit stort sprik i kva borna klarer og kva dei skal kunne klare. Når vi har eit så stort spenn er det kanskje greitt å leggja opp aktiviteten til aldersgruppa 3,5-5 år, då dei minste ofte ynskjer å prøve og leike med apparata er det mulighet for det, samtidig vil dei eldste av borna kunne få eit oppleg som gjev dei utfordringar.

Borna vil etter alderen stekka seg etter nye utfordringar, og når dei vert 5 år er dei klar til å begynne i trimgruppa for jenter og gutar 5-7 år. Her er det forsatt tid til leik og moro, men borna tykkjer det er kjekt med utfordringar, ikkje alltid lika kjekt med tørr trening (metodikk trening) så då er det lurt å fletta det som ikkje er så gøy inn i leik. Å læra rett framgangsmåte på td hoderulle, stå på hendene gjer det så mykje lettare for borna å klara utfordringane og gjev dei meistring.

Dans 8-11 år

I år fekk vi i gang ei dansegruppa for jenter og gutar. Gruppa har vore populær, instruktørar og dansarar har kost seg med forskjellige dansar og rytmer i løpet av året. Katrine S. Hagan har vore koreografen vår. Tusen takk Katrine for all hjelp !

På vårparten var programmet å læra seg 2 dansa, desse synte me fram på 17. mai, til stor begeistring frå tilskodarar. På Hausten hadde me same oppvisning på Jubileumsfesten til HIL. Etter feiringa satt dansarane i gong med å øva inn ein line dans. Ved årsfesten synte dansarane ein line dans og polynese.





Dans er gøy og det ser ut til at dei som har delteke og tykkjer det, mange kjekke gutar og jenter har telt og telt og testa sit eige tolmod, lært fort og synt at dette kan dåke.

Hege` ane og Katrine har hatt eit veldig kjekt år med alle saman!

Her kjem navna på dei flinke dansarane våre som har vore innom dette året :

Jens Hjelmeland, Robin Stensletten, Christoffer Støle, Nikolai Mayer, Dina G.H.Haugse, Mari Bolette Helvik, Jan Halvor Moss, Madel Bruntveit, Aurora Aasgard, Sandra Støle, Silje S. Hagan, Sverre Kaldestad, Samson N. Uppheim, Marcus N Mathisen, Olivia , Emma Løland, Hedda Pedersen, Martine G.H. Haugse, Renate Myklebust, Emma Johanne Helvik, Tonje Aakre, Ingrid Inntveit
Tusen takk for eit kjekt år alle saman !

Helsingar i fleng frå Hege og Hege og Katrine





Barnetrim 2 – 5 år

Hanne (Lemicka, Husnes)
Eline (Ljostveit)
Angelica (Fjelland)
Vilde (Reime)
Geir (Hillestad)
Dagny (Raudstein)
Petrikke (Fredlund)
Alva (Uppheim)
Eimund
Rikke (Bjelland)
Teodor (Flodsand)
Nora (Haugen)

Maria (Lemicka, Husnes)
Magnus (Gausvik)
Lars Erik (Fjelland)
Anna (Naterstad)
Cecilia (Fausk)
Astrid (Raudstein)
Mariell (Bruntveit)
Erik (Aakre)
Julie (Nielsen)
Trym (Kvandal)
Natalie (Stoknes)

Aktiviteter:

Lett oppvarming med sang, sprell og leiker som ”Haien kjem” og ”Bjørnen sover”
Sirkeltrening med forskjellige apparat. Øve på hodekråke, balansera etc. Hoppe på tjukkassen er ein favoritt!

Det er litt begrensa kva leiker vi kan ha på denne trimmen, siden dei er litt for små til å følge for mange regler. Dei liker helst å herja og springa rundt ☺
v/ Lindy Hjelmeland







Barnetrim 2011

5-7 år

Ei flott gruppe på 10-15 stk på det jamne. Vi byrjar med litt oppvarming, forskjellige leiker og ballspel. Av og til tar vi fram apparater der vi øver på balanse, snurra rundt og spenst.

Desse ungane er med:

Michael Løland, Brage Kvandal, Jonas Naterstad, Aurora Langeland, Vegard Joleik, Victoria Joleik, Siri Aasgård, Jens Aasgård, Erlend Aakre, Amanda Støle, Ellinor, Sham, Alea Flodsand, Margrethe Hillestad, Aurora Mathisen, June Marie Bjelland, Martin Smith, Mathias Veastad, Alexandra Andersen.

Takk for i år.

Siv Veronica Fjelland





Årsfesten

I år hadde vi oppvisning i lag med H.I.L. sin årsfest. Barn-foreldre gruppa, gitar og jenter 5-7 år og dans 8-11 år hadde øvt inn eit program som dei viste fram . Etter oppvisning vart det trofe utdeling til mange kjekke, flinke, ivrige, kjappe, gøyale born for deltaking på aktivitetar i regi av H.I.L. 2011. Så var det klart for fest med kaker og saft/ kaffe



Takkar borna, føresette og instruktørar for eit flott år !
Mvh Trimleiar





Dametricim

Tirsdagar kl 19.30 til 20.30 er det trim til musikk i gymsalen ved skulen, vi er ein gjeng på 6-12 stk som sverttar i lag, programmet er enkelt, delt opp med litt aerobic og styrketrening i intervaller. Mange brukar denne treninga til oppvarming før volleyball kl 20.30. Det er og fullt mulig å berre delta på volleyball eller aerobic`en. Vi spelar volleyball frå 20.30-21.30.

Takkar for mange svette stunder og ser fram til mange fleire i det nya året!

Hjertleg velkommen til nye og `` gamle `` trimmarar



Oldboystrening på mandagar kl 19.00 på idrettsbanen, uansett vær og vind :)

Fotballtrim inne i gymsalen på onsdagar kl. 20.00 nesten uansett kor mange som kjem :)

Alle er hjerteleg velkommen til å vera med!!!!



Fotballgruppa

Årsmelding fotball gutar og jenter født 2004 og 2005.

I 2011 har vi deltatt i 6 turneringar i Kvinnherad. Vi har trena inne i gymsal i januar til mars og november til desember. Vi har trena ute på grusbanen april til oktober.

Fyrste og andre klasse har hatt fellestrening og lag. I cup på Husnes deltok vi med eit reint jentelag og eit reint gutelag. I dei andre turneringane har vi hatt miks lag.

Disse har deltatt:

Storm N. Upheim
Jens Aasgard
Emil Hauge
Erlend Aakre
Håvard Jekteberg
Solfinn Kolle

Ida Marie Hjelmeland
June Marie Bjelland
Margrethe N. Hillestad
Aurora N. Mathisen
Ingeborg Hagan
Aleksandra Andersen
Viktoria Joleik

Trenar(ane): Are Upheim, Trond Martin Bjelland og Åge Aakre





Årsmelding for 2003 modellar

Dei som har vore med: Sandra, Madel, Mari Bolette, Nicolai, Alarik, Christian, Ole Christian, Steffen

Det har vore ein liten, men ivrig gjeng som det har vore kjekt og trent!

Dessverre flytta to av spelarane vekk etter sommeren, men vi har likevel klart å stille lag til alle cupane.

Ikkje like lett å holde tritt med dei største bygdene, men vi har klart oss med blanda resultat. Det er iallefall ein fin gjeng som vi trur og håpar har hatt det kjekt :)

Ørjan Sørtveit & Linda Raudstein





Årsmelding fotball årsklasse 2002.

Desse har vore med:

Aurora Aasgård, Kristoffer Fausk, Oskar Kaldestad, Sverre Kaldestad, Marcus Nilsen Mathisen, Jan Halvor Moss

I 2011 deltok vi på Trio-cup og alle miniputtcupane som vart arrangert i kommunen. Vi har trent i lag med 2001 arsklassen og vil fortsetja med det i 2012.

I år skal 2002 klassen spela sjuar fotball i lag med 2001 klassen.

Det inneber ein del farding rundt om på kamper, nye utfordringar som vi gler oss til.

Vi trener ein gong i veka og følg skuleruta. Om vinteren når banen er frossen held vi til i gymsalen på skulen. Resten av året er vi ute.

Takk til alle som har vore med i 2011.

Vi minner om at det alltid er kjekt med heiagjeng på kamper.

Oppfordrer alle føresette/familie og kjente til å stilla opp som publikum.

Trenarar: Ove Sjo, Bjørn Bjelland Mathisen og Svein Martin Kaldestad.





Årsmelding fotball årsklasse 2001.

Desse har vore med:

Samson N. Uppheim, Stian L. Aakre, Espen Aa. Sjo, Mats Løyning, Daniel R. Sørtveit, Vegard Fausk, Robin Stensletten.

I 2011 deltok vi på Trio-cup, Husnes-cup og Uskedal-cup. Vi har også vært med på serie dager på Husnes, Halsnøy, Uskedal, Rosendal og Herøysund.

Vi har trent i lag med 2002 årsklassen og vil fortsetja med det i 2012.

I år skal 2001 klassen spela sjuar fotball i lag med 2002 klassen.

Det inneber ein del farding rundt om på kamper, nye utfordringar som vi gler oss til.

Vi trener ein gong i veka og følg skuleruta. Om vinteren når banen er frossen held vi til i gymsalen på skulen. Resten av året er vi ute.

Takk til alle som har vore med i 2011.

Vi minner om at det alltid er kjekt med heiagjeng på kamper.

Oppfordrer alle føresette/familie og kjente til å stilla opp som publikum.

Trenarar: Bjørn Bjelland Mathisen, Svein Martin Kaldestad og Ove Sjo.





Fjelltrimgruppa

Fjelltrimgruppa har hatt eit aktivt år i 2011. Gruppa har vore samansett av dei same personane som i 2010.

Fjelltrimgruppa har hatt fleire dugnader i løypene, der vi har rydja og merka trasèane nokre stader. Mange av turmåla har fått friska opp T-ane med raudmaling. (På biletet ser du Vigdis Skogtun i arbeid med å rydja og merka stien til Storhaug.)

Vi har gjennomført to fellesturar dette året, ein fellestur til Gråskallen i mai og tur til Storhaug i oktober.

For femte år på rad arrangerte vi fellestur i romjula/ nyårshelga, denne gongen på "vesle" nyttårsafta, 30. desember.. Løypealternativa var fleire, med samling på Stigen. Omlag 30 personar var med på denne turen.

Talet på deltakarar i Fjelltrimmen 2011 er ikkje klart enno, men det ser ut til at vi får ein nedgang i antal innleverte fjelltrimkort. Det dårlege veret i sommar/ haust har nok lagt ein dempar på turaktivitetane.

Besøkstala på dei ulike turmåla er ikkje innhenta alle stader, men vi ser ein klar nedgang på registrerte besøk på Svartavatnet (ned 160), medan tala for Gråskallen (1370) og Brakhaug (1257) held seg høgt.

Til slutt vil vi oppmoda alle som brukar turløypene om å registrera seg i bøkene, samt å levera inn Fjelltrimkortet ved utgangen av året. Det er viktig for Idrettslaget å få dokumentert at tilbodet vert brukt, slik at tids- og pengebruken kan forsvarast.

Med ønskje om eit godt tur-år i 2012!



Fjelltrimgruppa:

Brynjulf Lie, Vigdis Skogtun, Lillian Liarstøl, Anne Kari Olderkjær og Nils Olav Støle.



ÅRSMØTE I HERØYSUNDET IDRETTSLAG

Dato: 8. februar 2012
Stad: Bringedalsbygda skule
Klokkelslett: 20:00

SAKER TIL ÅRSMØTET:

- **GODKJENNING AV INNKALLING**
 - **ÅRSMELDING**
 - **REKNESKAP**
- **MEDLEMSPENNGAR**
- **INKOMNE SAKER**
 - **VAL**

Saker må vera styret i hende innan 1.februar 2012

Vel møtt!

Vi vil samtidig nytta sjansen til å takka KVINNERAD BYGG for gratis trykking av årsmeldingar, Joker Herøysund som alltid yt god service under våre arrangement og til Noreq som har sponsa dansegruppa med cd spelar og diverse nytt utstyr!

